



Mange slags refleksutstyr er no på marknaden, mellom anna fargerike vestar for barna.

Måndag er det miljøkveld i Hobbyklubben i bedehuset og då er det også eit langt alvorlegare tema enn pizza-servering på programmet: Bruk av refleks!

Det blir presentert forskjellige refleks-typer og halde ei tevling, opplyser leiar Tore Mathiesen til uskedalen.no. Han strekar under kor viktig det er å bruka refleks no når haustmørket har senka seg over oss også i Uskedalen.

Det er ikkje noko som tyder på at uskedalingane er mindre flinke enn andre til å nytta refleks, men dei generelle tala er heller nedslåande: Trygg Trafikk har funne ut at berre 16 prosent av dei vaksne fotgjengarane nyttar refleks i haustmørket. Og dei flinkaste refleksbrukarane er ikkje i Hordaland.

Ei telling for eitt år sidan viste at refleksbruken hadde auka med berre to prosent det siste året, sjølv om halvparten av fotgjengarulukkene skjer i dei tre mørkaste månadane og berre fem prosent av dei som blir påkøyrd og skada nyttar refleks. Refleks reduserer risikoen for å bli køyrt ned i mørke med 85 prosent.

Går du uten refleks i mørke vil ein som køyrer i 50 kilometer i timen ha to sekunder på å oppdage deg, medan denne tida aukar til 10 sekunder ved bruk av refleks!

Ellers er det no nye reglar som gjeld for lys og refleks på sykkel. No kan syklistar ha blinkande lys frampå sykkelen og det er krav om refleks på pedalarmen, Endringa i kravet til refleks på pedalane kjem av at det blir stadig meir vanleg med klikkpedalar og det er ikkje alle desse som har refleks.

Av Ola Matti Mathisen